



NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Høyringssvar - NOU 2018: 5 Kapital i omstillingens tid – Næringslivets tilgang til kapital

Vi vil med dette komme med enkelte innspel til NOU 2018: 5, der det oppnemnde Kapitaltilgangsutvalet har utgreia, vurdert og kome med tilrådingar når det gjeld kapitaltilgangen til norsk næringsliv.

Våre innspel vil knyte seg til dei vurderingar og tilrådingar som utvalet har gjort i høve stiftelsar, jf. NOU 2018: 5 kapittel 8.3.6 *Beskatning av stiftelser*.

Stiftelsestilsynet fører tilsyn og kontroll med at forvaltninga av norske stiftelsar skjer i samsvar med stiftelsens vedtekter og stiftelseslova. Vi har som samfunnsoppdrag å sikre stiftelsesforma gjennom informasjon, rådgiving og legalitetskontroll. Vi jobbar dessutan for å skape tillit til stiftelsar som organisasjonsform.

Stiftelsar i Norge i dag er svært varierte både med tanke på formål, aktivitet og kapital. Som utvalet er inne på i utgreinga s. 148-149, har talet på stiftelsar i Norge gått ned dei siste åra. Dette har skjedd gjennom samanslåingar og avvikling av stiftelsar. Grunngevinga har oftast vore at stiftelsens egenkapital er utilstrekkeleg til å tilgodesjå formålet på ein rimeleg måte. Det kjem stadig til nye stiftelsar som har formål som er viktige supplement på områder av stor interesse for fellesskapen/samfunnet, og der det offentlege endå ikkje har alternative tilbod. Mange stiftelsar er på denne måten med på å tilføre samfunnet innovative idear og uvurderlege nyskapingar.

Stiftelsestilsynet støttar utvalets tilråding om at det blir gjort ei utgreiing som kan gje ei likare skattemessig handsaming av stiftelsane, mellom anna korleis stiftelsanes allmenntilgjenglege bidrag kan takast i vare, uavhengig av korleis en stiftelse blir forvalta. Vi støttar utvalets syn på at det er uheldig at skattesystemet skapar vridningar i stiftelsens kapitalforvaltning som gjer at kapitalallokeringa ikkje blir så god som den kunne vorte. Som utvalet viser til kan dette føre til at stiftelsane innrettar seg etter skattelovas føresegner for å unngå skatteplikt, og på den måten isolert sett opptre i strid med stiftelseslova § 18 om forsvarleg kapitalforvaltning.

Dette er tankar som også Stiftelseslovutvalet var inne på i si utgreiing i NOU 2016: 21 Ny stiftelseslov i kapittel 5.4 *Rammelovgivning for stiftelser*:

Utvalget vil peke på at lovregler utenfor stiftelsesretten i større grad enn stiftelseslovgivningen har betydning for bruken av stiftelsesformen i arbeidet for å tilføre kulturlivet private midler. Utvalget peker her først og fremst på mulige hindringer gjennom skatte- og avgiftslovgivningen. Det ligger utenfor mandatet å gå inn på skatte- og avgiftsspørsmål og annen lovgivning utenom stiftelseslovgivningen.



Vår dato
29.06.2018

Vår referanse
18/01249-2/008

Utvalget vil likevel påpeke at det kan være grunn for myndighetene til å sette i gang en helhetlig gjennomgang av ulike skatte- og avgiftsspørsmål knyttet til stiftelser.

For å illustrere behovet viser utvalget til at det de senere årene har vært betydelig usikkerhet rundt hvor aktivt, eller i hvilken form, en stiftelse kan utføre kapitalforvaltning i egen regi før det regnes som økonomisk virksomhet og det inntreffer skatteplikt for stiftelsen. Uklarheter knyttet til hva som skal til før en stiftelses virksomhet blir skattepliktig er uheldig både fordi det skaper merarbeid og merkostnader for stiftelsene, og fordi slike uklarheter kan vanskeliggjøre både formålsrealisering og kapitalforvaltning. Utvikling av filantropien viser en stadig dreining fra stiftelser som passive pengeutdelere til at stiftelsene blir mer aktive bidragsyttere inn mot ulike formål. Dette utfordrer gjeldende skatteregler og praktiseringen av disse. Det er utvalgets vurdering at klare og forutsigbare rammebetingelser vil fremme stiftelsesformen.

En slik gjennomgang bør også se på hvilke skatte- og avgiftsrettslige incentiver som kan være effektive virkemidler for å fremme stiftelsesformen.

Til det siste Stiftelseslovutvalet er inne på i sitatet ovanfor, seier Kapitaltilgangsutvalet i utgreiinga si at utvalet ut frå eit kapitaltilgangsperspektiv meiner at det ikkje bør gjevast særlege skattemessige fordelar eller ulemper ved å velje stiftelse som selskapsform, og at den tilrådde utgreiinga også bør sjå på dette.

Stiftelsessektoren har aldri vore gjenstand for heilskaplege og inngåande utgreiingar når det gjeld viktige spørsmål som stiftelsane sin plass i, og bidrag til, samfunnet. Ut frå mangelen på kunnskap på området, har Stiftelsestilsynet lenge gjeve uttrykk for at det bør gjerast ei større utgreiing om dette.

Dersom konklusjonen skulle bli at det er ønskeleg å få auka bruk av stiftelsesforma, vil det vere viktig å få vurdert nærare kva effektar ein kan få ved å bruke positive verkemiddel for å initiere bruk av stiftelsesforma, så som skatte- og avgiftsføresegnene. Så langt har dette temaet ikkje vore utgreia.

Med helsing

Bjørn Morten Øen
avdelingsdirektør

Siw Heggedal Longvastøl
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.